

Stor SPAR-feiring i solsteiken!

Parkeringsplassen var ein festplass laurdag føremiddag. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Heile Uskedalen var med og feira SPAR skikkeleg i solsteiken laurdag føremiddag. Det var ein naturleg fase nummer to ettersom det var kundane som gav butikken så høgt service-votum i mars at den gjekk heilt til topps blant 330 SPAR-butiuokkar i landet.



Trubadur Michael Røssland imponerte. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Så uttala då også dagleg leiar Bente Nilsen i velkomsthelsinga si at det er kundane som står og skal stå i sentrum.

- Utan dåke er det ingen butikk, sa Bente, som sjølv sagt også var full av ros til medarbeidarane sine, - Dei er veldig ansvarsbevisste uansett alder, sa ho.

Ellers er ho glad for at det er mogeleg for sin landsens butikk å gå til topps i ei "tevling" som denne uansett om den har 8 eller 100 millionar i omsetnad. SPAR i Uskedalen passerte 25 millionar i fjor. Blir det 30 millionar i år? - No skal vi ha ei kosetund, ei uhøytideleg feiring, sa Bente. Og kundane let seg ikkje be to gonger, korkje når ho lokka med blautkake og kaffe eller is og brus til borna. Dessuten hadde ho to lokale trubadurar i ermet:

SPARs eigen Bjørnar Eik og den stadig meir skolerte og dyktige Michael Røssland.

Eit innslag som kravde sin mann og kvinne var ein quiz der alle som jobbar på SPAR hadde vore med og laga spørsmåla



Trubadur Bjørnar Eik er SPARs eigen.
(Foto: Ola Matti Mathisen)

I invitasjonen til feiringa kunne ein mellom anne lesa dette: - Ein smil og nokre gode ord – slik skal me møte deg som kunde!

Vi skal ikkje nemna namn, men det er mange i servicenæringa også rundt om i Kvinnherad som treng å gå gjennom eit smilekurs på SPAR!



- Kor høg er Nåso? Berit og Kåre Guddal har fått servert ei rekke spørsmål av Bente Nilsen. (Foto: Ola Matti Mathisen)

-

- Av Ola Matti Mathisen



Bente Nilsen takka medarbeidarar og kundar. (Foto: Ola Matti Mathisen)